



# ÅRSMELDING

---

## 2011

FolkOrg

- organisasjon for folkemusikk og folkedans

FOLKORG

- organisasjon for folkemusikk og folkedans

Formgjeving: Eivind Kaasin og Anbjørg Myhra Bergwitz / FolkOrg

Foto fram- og bakside: Eivind Kaasin

Postadresse:

FolkOrg

Postboks 4613 Sofienberg

0506 Oslo

Besøksadresse:

Vis à vis Herslebs gate 2c.

Nett: [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no)

E-post: [post@folkemusikk.no](mailto:post@folkemusikk.no)

TLF: 22 00 56 22

- 4 Om FolkOrg
- 6 Kulturpolitisk arbeid
- 7 Informasjon
- 10 Arenautvikling
- 13 Utøverutvikling
- 14 Lagsutvikling
- 15 Arrangørutvikling
- 16 Kompetansebygging og læring
- 17 Organisasjonsutvikling

## Innleiing

Aktivitetane til FolkOrg har i meldingsåret vore knytt til handlingsplanen, og denne årsmeldinga er skriva med direkte utgangspunkt i den vedtekte handlingsplanen. Handlingsplanen er sett inn i årsmeldinga, og til kvart delområde er det gjort greie for korleis tiltaka er gjennomført.

Innleiingsvis har årsmeldinga ein organisatorisk og ein administrativ del som ikkje er knytt til eit særskilt delområde i handlingsplanen.

# OM FOLKORG

## Styret og arbeidsutval (AU)

Styret har i meldingsåret vore sett saman slik:

Maria Høgetveit Berg	styreleiar
Nils Øyvind Bergset	nestleiar
Mari Skeie Ljones (frå årsmøte i 2011)	nestleiar
Solbjørg Tveiten (fram til årsmøte i 2011)	nestleiar
Aslak Opsahl Brimi	styremedlem
Sigurd Johan Heide	styremedlem
Tor Stallvik	styremedlem
Åshild Vetrhus	styremedlem
Torunn Raftevold Rue	1. varamedlem
Helene Bolstad	2. varamedlem
Dag Hovda Sture	3. varamedlem

Styret har i meldingsperioden hatt 6 fysiske møte og eit e-postmøte, og det er handsama 62 saker. Eit av dei fysiske møta var under årsmøtehelga.

Alle varamedlemmene har vore innkalla til alle møter fram til årsmøtet 2011. Etter dette har berre fyrste varamedlem vorte kalla inn.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver på Landskappleiken, på Landsfestivalen i gamaldansmusikk, på Folkelarm, i samband med høyringar og andre relevante møte. Enkelte styremedlemmer har og vore representert i ulike arbeidsgrupper.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har i meldingsåret vore: Maria Høgetveit Berg, Nils Øyvind Bergset og Mari Skeie Ljones (Solbjørg Tveiten fram til årsmøtet 2011). Dagleg leiar har vore sekretær.

AU har i meldingsperioden hatt 10 fysiske møte og eit e-postmøte, og 70 saker har vore handsama.

## Administrasjon

Administrasjonen held til i kontorlokale i Trondheimsveien 2, bygg J. Kontorlokala ligg i Schous Kulturbryggeri, og organisasjonen har kontorfellesskap med fleire andre sentrale musikkorganisasjonar.

Tilsette i meldingsåret har vore:

Linda Dyrnes	dagleg leiar	100% stilling	
Jorun Hagen	kontorarbeidar	100 % stilling	
Knut Aastad Bråten	redaktør i bladet Folkemusikk	100% stilling	
Eivind Kaasin	informasjonsrådgjevar	100% stilling	
Arvid Skancke-Knutsen	informasjonsmedarbeidar	100% stilling	
Trond Stenseth Moe	rådgjevar / prosjektleiar Folkelarm	100 % stilling 60% stilling 90% stilling	t.o.m. 28. februar f.o.m. 1. mars til 30. juni f.o.m. 1. juli
Silje Førland Erdal	rådgjevar formidling	100% stilling	f.o.m. 8. februar - 31. juli (permisjon før det)
Marit Vestrum	rådgjevar kappleik og lokallag	100 % stilling	fødselspermisjon f.o.m. 8. november
Rannveig Djønne	vikar for Marit Vestrum	100% stilling	f.o.m. 3. november
Anne Hytta	rådgjevar	30% stilling	t.o.m. 30. juni

I tillegg har Mari Skeie Ljones vore tilsett på timesbasis i to kortare periodar for arbeide med medlemsystemet, og Lajla Renate Buer Storli har ein periode vore inne som vikar i samband med Landskappleiken og Landsfestivalen. Elisabet Eikås var tilsett i 80% stilling i perioden 8. august til 8. oktober for å arbeide med Folkelarm. Silje Førland Erdal har vore engasjert i ein kortare periode hausten 2011 for å arbeide med IntroFolk.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i handlingsplanen, sjølv sagt ei rekkje andre oppgåver som tek mykje tid, men som ikkje alltid er like synlege. Døme på det er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemsystem, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svare på ulike førespurnadar og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein arbeidsplass.



Dagleg leiar Linda Dyrnes, og styreleiar Maria Høgetveit Berg.  
Foto | Eivind Kaasin

## **Medlemsskap /medlemslag**

### **Medlemstal**

FolkOrg hadde 4008 medlemmer pr. 31.12.2011.  
Av desse var 437 born / ungdom (t.o.m. 18 år).

### **Medlemslag**

Pr. 31.12.2011 hadde FolkOrg:  
142 lokale medlemslag  
11 områdelag

### **Medlemskap i andre organisasjonar:**

FolkOrg er medlem i:

- Norsk Musikkråd
- Frivillighet Noreg
- Landskappleiken og Landsfestivalen er medlem i «Norske Festivalar»

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Haukeliseterfestivalen
- Etnisk Musikkklubb (medstiftar og eigar)
- Musikkutstyrsordningen

- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans

### **Årsmøtet 2011**

Årsmøtet i 2011 vart halde på Røros 30. april - 1. mai på Røros hotell. 57 røysteføre medlemmer var til stades i tillegg til 4 frå administrasjonen og gjester. Årsmøtet vart innleidd med eit seminar med følgjande tema:

- Informasjon om det nye medlemssystemet
- Orientering om informasjonsarbeidet i FolkOrg
- Informasjon om endringar i tevlingsreglementet

### **Økonomi og rekneskap**

Rekneskapen for 2011 ligg ved årsmeldinga.

# KULTURPOLITISK ARBEID

*FolkOrg skal ivareta og styrke medlemmane og aktørane sine interesser og rettar på feltet, og styrke folkemusikken og folkedansen sin plass i samfunnet.*

## Langsiktige mål (4 år)

- *Samstemt! sine fire-års mål er oppnådd*
  - *Arrangørstøtta hjå Norsk kulturråd er på 30 mill*
  - *Musikerstøtte hjå Norsk kulturråd er på 20 mill*
  - *KOMP, tilskotsordninga for opplæringsmidlar, er auka til 6 mill*
- *Folkemusikk og -dans er synleg og anerkjend på kulturfeltet og i samfunnet elles*
- *Folkedansen har dei same vilkåra og status som folkemusikken*
- *Støtta til opplæringstiltak innan folkemusikk og -dans er auka*
- *Støtta til sceniske framsyningar med folkemusikk og -dans som basis er auka*
- *Folkemusikkfeltet får kompensasjon for bruk av ikkje-verna, tradisjonell folkemusikk*
- *FolkOrg har etablert eit breitt nettverk av internasjonale samarbeidspartnarar, og er aktiv i det internasjonale arbeidet for folkemusikk- og dans*
- *Kulturskulane og Den Kulturelle Skulesekken i heile landet har tilbod innan folkemusikk og folkedans.*

## Tiltak (årleg revidering)

- *Sette agenda og delta i det offentlege ordskiftet, og sette søkelys på aktuelle saker for sjangeren*
- *Stø opp om arbeidet innan forskning, arkiv og utdanning*
- *Samarbeide aktivt med andre aktørar og organisasjonar innanfor sjangeren, og på musikk-, danse- og kulturfeltet generelt*
- *Vere ein aktiv høringsinstans for aktuelle saker innan folkemusikk og -dans*
- *Starte arbeidet med utgreiing om opphavsrett for folkemusikken*
- *Følgje opp arbeidet med statusrapporten for folkedans, i samarbeid med Rff og NU*
- *Arbeide aktivt mot mellom anna departement og Norsk kulturskoleråd for å få folkemusikk og folkedans inn i kulturskulane og Den Kulturelle Skulesekken.*
- *Arbeida for å få stipend og prisar til folkedansen.*

## **Offentleg ordskifte**

I 2011 har FolkOrg vore med i det offentlege ordskiftet gjennom bladet Folkemusikk, [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no), på [www.ballade.no](http://www.ballade.no) og i region- og lokalaviser. Døme på saker er NM i folkemusikk, dansetevling under Landsfestivalen, omlegginga av Rokskonsertane, innkjøpsordninga for musikk, arrangørleddet i folkemusikksjangeren, tippenøkelen, FolkOrg si framtid og statsbudsjettet.

FolkOrg har i meldingsåret arbeid tett saman med Samstemt! om kulturpolitiske saker. Hovudsatsingane for arbeidet mot statsbudsjettet 2012 var arrangørstøtten og musikarstøtten gjennom Norsk kulturråd, omlegginga av innkjøpsordninga for musikk, og KOMP-midlar. FolkOrg fekk i hovudsak gjennomslag for dei tre fyrste sakene. Omlegginga av eksportstøtten for musikarar har vore ein annan viktig sak som det har vorte jobba med.

I høyringa på statsbudsjettet hos familie- og kulturkomiteen på Stortinget vart lagt særskild vekt på situasjonen til kompetansesentra for folkemusikk og KOMP-midlane.

## **Samarbeid med andre organisasjonar**

FolkOrg har i meldingsåret samarbeidd tett med Samstemt! i aktuelle kulturpolitiske saker. I tillegg har FolkOrg

saman med Noregs Ungdomslag (NU) og Rådet for folkemusikk og folkedans (RFF) sett i gang ei utgreiing på dansefeltet. FolkOrg har hatt seminar om Unescos konvensjon om immateriell kulturarv saman med NU og i dialog med RFF. FolkOrg har og dialog med NU, RFF og Norsk kulturskoleråd i arbeidet mot kulturskular.

Samarbeidet i Nordisk folkemusikkkomité har ikkje vore aktivt dei siste åra. Hausten 2011 vart samarbeidet teke opp att, og der ein planlegg ein felles konferanse om immateriell kulturarv på Island hausten 2012.

FolkOrg har hatt møter og dialog med kompetansesentra i Noreg, både for å betre dei økonomiske tilhøva og på kva måte ein kan arbeide betre saman. FolkOrg og NU har samarbeidd med RFF om fagplanar for deira utdanningstilbod.

## **Høyringar**

FolkOrg har i meldingsåret kome med høyringar i desse sakene: omlegging av Rikskonsertane, felemakarlaget som nytt lærefag, Rådets rolle for framtidens folkemusikk- og folkedansfelt og reduksjonen i budsjettet for folkemusikarordninga i Sogn og Fjordane.

# INFORMASJON

FolkOrg skal spreie kunnskap om og forståing for folkemusikken og folkedansen i Noreg, og arbeide for å auke omtale og bruk av folkemusikk og folkedans nasjonalt og internasjonalt.

## Langsiktige mål (4 år)

- Organisasjonens informasjonskanalar og prosjekt er evaluert og tilpassa utviklinga innan informasjonsteknologi og tendensar og behov hjå brukarane
- Nettportalen Folkemusikk.no sin posisjon som den viktigaste staden for informasjon om folkemusikk og -dans i Noreg er styrka, og talet på lesarar er auka til 5000 daglege brukarar
- Nettportalen Folkmusic.no er den viktigaste engelskspråklege kjelda til informasjon om folkemusikk og -dans i Noreg, og talet på lesarar er auka med 60 %
- Organisasjonen har eit heilskapleg og historisk oversyn over aktivitet, aktørar, utøvarar og utgjevingar på feltet
- Bladet Folkemusikk er det leiande tidsskriftet innan folkemusikk og -dans i Noreg, og talet på abonnentar er auka til 2500
- Talet på abonnentar av bladet Folkemusikk frå nordiske land er auka med 50 %
- Talet på abonnentar av årbok for norsk folkemusikk er 500, og boka vert kjøpt inn på innkjøpsordninga
- Bladet Folkemusikk er evaluert

## Tiltak (årleg revidering)

- Utføre ei brukarundersøking for bladet Folkemusikk, Folkemusikk.no og Årboka
- Marknadsføre og profilere bladet Folkemusikk, Folkemusikk.no og Folkmusic.no nasjonalt og internasjonalt
- Starte arbeidet med å revidere utøvararkatalogen og etablere ein biografibase med sentrale nolevande og døde utøvarar innan folkemusikk og -dans
- Starte arbeidet med å digitalisere og formidle lagshistoria til LfS og NFD
- Arbeide for at Årbok for norsk folkemusikk har eit breitt geografisk fokus



## **Folkemusikk.no**

Folkemusikk.no er ein felles nettportal for folkemusikkfeltet i Noreg, og er heimesidene til FolkOrg. Portalen vart etablert i juni 2009, og redaksjonen har som mål at portalen skal fungere som ein samlingsstad og møteplass for alle aktørane innan folkemusikk og -dans i Noreg.

Ansvarlege for drifta av portalen har i meldingsåret vore Arvid Skancke-Knutesn og Eivind Kaasin.

## **Innhald**

Folkemusikk.no omtalar nytt på folkemusikkfeltet, aktuelle hendingar og plateutgjevingar. I tillegg vert det publisert praktisk informasjon generelt og frå organisasjonen spesielt. Portalen har vore oppdatert dagleg, gjerne med fleire redaksjonelle saker kvar dag. I tillegg til desse eigne sakene har Folkemusikk.no dessutan peika til eit stort utval av folkemusikk- og folkedansoppslag i andre media.

Også i 2011 har Folkemusikk.no hatt eit godt samarbeid med bladet Folkemusikk, og har publisert eit utval av artiklane frå bladet på nettsidene.

## **Frekvens og lesartal**

I løpet av meldingsåret har det i snitt vorte publisert meir enn tre artiklar dagleg. I samband med store arrangement og hendingar på folkemusikkfeltet har aktiviteten også vore høgare. Dette er ein klår auke i høve til tidlegare, samstundes som talet på lesarar gjekk kraftig opp.

Frekvens i 2010:	2-3 saker pr. virkedag
Frekvens i 2011:	3-4 saker pr. virkedag

Totalt tal på besøkande i 2010:	681 872
Totalt tal på besøkande i 2011:	1 029 854

Dagleg besøkande i 2010:	1 868 (i snitt)
Dagleg besøkande i 2011:	2 821 (i snitt)

Statistikken syner at Folkemusikk.no i meldingsåret for fyrste gong hadde meir enn éin million besøkande.

Folkemusikk.no har i løpet av meldingsåret vore aktiv på sosiale media. I desember 2011 var nærare 1900

medlemmer på Folkemusikk.no si side på nettsamfunnet Facebook. Vi ser eller at ein aukande del av trafikken til Folkemusikk.no kjem frå Facebook.

#### Utøvar katalog

Folkemusikk.no har ein eigen utøvar katalog med oversyn over aktuelle utøvarar på feltet. Katalogen er ei vidareføring av NFD sin Norsk folkemusikk katalog. Arbeidet med ei større omlegging og aktualisering av katalogen tok til i meldingsåret.



#### Folkmusic.no

Denne portalen vart oppretta i oktober 2009, og er ei side som i hovudsak rettar seg mot eit internasjonalt publikum. Portalen er tenkt som ein paraply for aktivitet knytt til norsk folkemusikk- og dans internasjonalt, og nasjonalt.

Ansvarleg for publisering på Folkmusic.no var fram til februar 2011 Anne Hytta, medan Silje Førland Erdal var ansvarleg for publiseringa fram til 1. mars. Sidan har Arvid Skancke-Knutsen hatt det redaksjonelle ansvaret.

#### Frekvens og lesartal

Folkmusic.no har ein lågare publiseringsfrekvens enn Folkemusikk.no, og talet på antall lesarar er om lag ein tiandedel av Folkemusikk.no.

#### Generelt om informasjonsarbeidet

Informasjonsavdelinga har i 2011 også teke del i det øvrige arbeidet i organisasjonen, og har m.a. hansama mange førespurnader både frå lag og enkeltmedlemmer. Ved fleire høve har og stoff frå Folkemusikk.no vorte sitert i andre media, der både NRK, Nynorsk Pressekontor og NTB har nytta Folkemusikk.no som kjelde i sine saker.

Informasjonsavdelinga har og vore sentral i informasjonsarbeidet kring organisasjonens egne arrangement, prosjekt og saker gjennom pressemeldingar, artistbiografiar m.m. Ein har dessutan vore tilstades ved nokre festivalar og fleira andre tilskipingar.

Ei større brukarundersøking om Bladet Folkemusikk, Folkemusikk.no, Folkmusic.no og Årboka vart utarbeida i meldingsåret, og vart landsert tidleg i januar 2012.

## BLADET FOLKEMUSIKK



Bladet Folkemusikk vart etablert i 2010 på tuftene av tidlegare Spelemannsbladet og Kvinten. Det er FolkOrg som er eigar og utgjevar av bladet.

Bladet er frittstående og arbeider etter Ver varsam-plakaten og Redaktørplakaten.

Frå og med hausten 2007 er bladet medlem av Norsk Tidsskriftforening. Ansvarleg redaktør for bladet er Knut Aastad Bråten.

Bladet hadde i meldingsåret fem utgjevingar, og eit gjennomsnittleg sidetal på 52. Layout er signert Lise Myhre i Millimeterpress.



### Abonnentar

Bladet Folkemusikk er eit abonnementsblad. Per 31. desember 2011 hadde bladet Folkemusikk 1687 abonnentar. Av abonnentane var 287 gratisabonnentar, og 1083 medlemmer av FolkOrg. Bladet er også tilgjengelig i laussal gjennom Narvesen. Då vi har hatt utfordringar med faktureringar i 2011, er nok det reelle talet på abonnentar høgare enn nemnt over. Vi har per mars i år 1932 registrerte abonnentar.

### Redaksjonell profil

I meldingsåret har bladet

- lagt vekt på eit gjennomgåande godt språk, der alle tekstane vert språkvaska.
- hatt fokus på presentere mangfaldet i folkemusikken og folkedansen i landet.
- skapt debatt og lagt til rette for meiningsbryting om aktuelle tema innan sjangeren.
- hatt fokus på appellerande design og god visuell utforming.
- løfta fram nye og tydelege stemmer med nye idear
- og perspektiv på folkemusikken og folkedansen. Dette gjeld både skribentar og fotografar.

### Kapleiksmagasin

I samband med utgjeving av Folkemusikk 4-2011 vart det produsert eit eige kapleiksmagasin på 32 sider, som innstikk i bladet. Magasinet var fylt med resultat, bilete, intervju og anna frå både Landsfestivalen i gamaldansmusikk på Oppdal og Landskappleiken i Seljord. Innstikket vart produsert i samarbeid mellom bladet Folkemusikk og Folkemusikk.no. Tilbakemeldingane på innstikket var gode, og FolkOrg kjem difor til å produsere eit liknande innstikk også i 2012.

### Bladslepp

Bladet Folkemusikk har hatt to bladslepp i 2011. Fyrste sleppet var 20. juni på Briskeby kafé på Fagernes, saman med Syn og Segn, medan det andre sleppet vart arrangert på Riksscenen 1. oktober, i samband med Folkelarm.

### Økonomi

Bladet Folkemusikk blir gjeve ut med økonomisk stønad frå eigaren, frå Norsk kulturråd og andre offentlege støtteordningar. I tillegg kjem det inntekter av sal av abonnement og annonsar. Eigeninntektene til bladet utgjer ikring 70% av dei totale inntektene. Resten er tilskott frå eigaren.

### Annonsar

Redaktøren sjølv står for annonsesalet i bladet. Bladet Folkemusikk har sidan 2009 hatt denne økonomiske utviklinga når det gjeld sal av annonsar:

2009: 133 000 kr

2010: 220 000 kr

2011: 245 000 kr

### Blest

Redaktøren har arbeidd for å auke interessa og kunnskapen om både bladet og folkemusikk og folkedans generelt i andre medium, og har jamleg oppslag både i riksdekkande aviser og lokale medium, til dømes VG, Klassekampen og NRK P2. Bladet Folkemusikk har god kontakt med andre medium, og er ein viktig leverandør av idear og saker til desse.



# ARENAUTVIKLING

FolkOrg skal legge til rette for, utvikle og drive gode framføringsarenaer for folkemusikk og folkedans lokalt, regionalt og nasjonalt.

## Langsiktige mål (4 år)

- Landskappleiken og Landsfestivalen som tevling og arenaer er evaluert, slik at arrangementa og tevlingsforma er tilpassa utviklinga innan sjangeren og samtida
- Organisasjonen har kompetente arrangørar og drifta av arrangementa er godt innarbeidd
- Arrangementa er tilrettelagt for publikum og deltakarar og i alle aldersgrupper
- Arrangementa er attraktive og trekker til seg nytt publikum også utanfor sjangeren
  
- Landskappleiken sin posisjon som folkemusikkens og -dansens hovudarena er styrka
- Talet på selde billetter på Landskappleiken er auka med 20 %
- Landsfestivalen i Gammaldansmusikk sin posisjon som hovudarena for runddansmusikk i Noreg er styrka
- Talet på selde billetter på Landsfestivalen er auka med 30 %
- Talet på lokal- og fylkeskappleikar og andre lokale framføringsarenaer er auka
- Talet på arenaer og møteplassar for samværsdans i heile landet er auka
  
- Bransjetreffet Folkelarm er den leiande faglege møteplassen for bransjen innan folkemusikk og –dans i Norden, og samlar eit breitt utval delegatar frå heile musikkbransjen
- Folkelarm er den viktigaste eksportarenaen for norsk folkemusikk, og ein dørøpnar for oppdrag i utlandet
- Folkelarm er grundig evaluert i høve eigarskap, og arrangementet er tilpassa utviklinga innan musikkbransjen, og behov og ynskje frå utøvarar og arrangørar
- Folkelarmprisen er ei etablert og kjend prisutdeling på kulturfeltet

## Tiltak (årleg revidering)

- Starte arbeidet med å etablere ein felles medie- og marknadsføringsplan for organisasjonen sine arrangement og prosjekt
- Revidere og vidareutvikle arrangørhandboka for Landsfestivalen og Landskappleiken
- Starte arbeidet med å utarbeide ei arrangørhandbok / rettleiing for arrangering av lokale kappleikar
- Vidareutvikle og betre kappleiksprogrammet til FolkOrg, slik at det vert brukarvenleg for arrangørar og utøvarar
- Oppfordre arrangørar til å legge til rette for samværsdans for alle aldrar.
- Rekruttere nye delegatar til Folkelarm
- Arbeide for å styrke prisen Årets folkemusikar, og få pengar inn i prisen.
- Legge til rette for scenisk folkedans gjennom eksisterande arrangement som Folkelarm.

## LANDSKAPPLEIKEN SELJORD | 29. juni - 3. juli

Landskappleiken vart i år arrangert i Seljord med Seljord spelemannslag som lokalarrangør, og arrangementet gjekk av stabelen 29. juni – 3. juli.

### Deltaking

Det var til saman 465 startnummer og vel 1260 einskild-deltakarar. Det er ein oppgang i høve Landskappleiken på Voss som hadde 429 startnummer og 1200 einskild-deltakarar, ein positiv trend, og kanskje ein kan nærma seg toppåret i 2005 som hadde 550 startnummer.

### Vinnarar

Kongepokalen vart i 2011 sett opp i spel hardingfele klasse A, og vinnar vart Ottar Kåsa frå Falkeriset spelemannslag.

> *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.*

### Fureprisen

Elisabeth og Knut Fures stiftelse til fremme av klassisk musikk og norsk tradisjonsmusikk, skal i fire år dele ut prisar til unge folkemusikarar i Noreg. FolkOrg og Landskappleiken fekk i oppdrag å forvalte og dele ut desse prisane.

Furestiftelsen sette med det opp ein pris på kr. 50.000 til ein utøvar under 25 år innanfor musikklassane. Kandidatane til prisen vart plukka ut under kappleikstevlingane, og vinnaren vart kåra under ein finale lagt til meisterkonserten på sundagen. Samtidig kunne vinnarane av C –klassane vinne kr. 10.000. FolkOrg sette opp same pris for vinnarar i C – danseklassane.

Kriteria var:

*Denne prisen skal gjevast til ein eksepsjonelt dyktig og talentfull deltakar (musikar) under 25 år. Prisvinnaren får også ein eigen konsert på Folkelarm. Det er krav om eit visst kvalitetsnivå for at prisane kan delast ut. Det kan vera slik at domsnemnda ikkje kvart år finn å kunne dele ut prisen. Prisvinnaren skal vera vanleg deltakar på Landskappleiken.*

Den 21 år gamle felespelaren Bjørn Kåre Odde frå Lom vann hovudprisen.

*> Komplette liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga*

*Evaluering av Landskappleiken*

Seljord arrangerte Landskappleiken for fyrste gong, og sjølv om været ikkje var på arrangørane si side så vart det eit flott arrangement. Flinke arrangørar, bra med folk og ein stor dugnadsinnsats frå Seljord Spelemannslag og medarbeidarane deira, førte til eit overskot på 670 000 kroner.

# LANDSFESTIVALEN FOR GAMMALDANSMUSIKK OPPDAL | 20. - 23. juli

Landsfestivalen i gamaldans var arrangert på Oppdal 20. - 23. juli med Oppdal spell – og dansarlag som lokal arrangør.

*Deltaking*

Det var kring 640 einskiddeltakarar og 124 startnummer. Dette er ei stor auke samanlikna med Landsfestivalen i Nordfjordeid som hadde 529 deltakarar og 88 startnummer. Under Landsfestivalen på Oppdal vart det mellom anna innført ei danseklasse som vart ein stor suksess, og som nok førte til ei auke i tal på deltakarar. Heile 32 par deltok i seniorklassa. Andre prøveordningar i endring i reglement t.d. i gruppeklassa førte nok og til auka deltaking.

*> Komplette liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga*

*Evaluering av Landsfestivalen*

Oppdal klarte å gjennomføra ein strålende Landsfestival trass at i dei tragiske hendingane på Utøya og i Oslo som skjedde midt under festivalen. Festivalen var godt besøkt og ein hadde og eit eige opplegg for born og unge med sjokoladekappleik. Overskotet ser ut til å verta i overkant av 500 000 kroner.

## EVALUERING OM FRAMTIDA TIL LANDSKAPPLEIKEN OG LANDSFESTIVALEN

Rapporten om framtida til Landskappleiken og Landsfestivalen vart sendt på høyring med frist til å senda inn høyringssvar 15. desember. Ved utgangen av fristen hadde det kome inn 27 høyringssvar. Prosessen vert teken vidare under seminar på årsmøtet i 2012 før endeleg vedtak under årsmøtet 2013.

*Nettbasert kappleiksprogram*

Det er gjort berre mindre endringar i påmeldingsdelen til det nettbaserte kappleiksprogrammet, og ein starta på nokre endringar. Nokre endringar er gjort i etterbehandlingsdelen (m.a. i listeutvalet), men vi er ikkje i mål med dette. Programmet fungerer i dag stort sett bra ved påmelding, men det er ein del problem ved bruk av etterbehandlingsdelen.

*Arrangørhandboka LK og LF*

Vi har ikkje fått revidert arrangørhandbøkene. Dei vart revidert førre gong i 2007, og ei ny revidering er naudsynt.

# FOLKELARM RIKSCENEN, OSLO | 29. september - 1. oktober

Arrangementet Folkelarm er bygd rundt showcasekonsertar med nordiske folkemusikarar, og samlar eit breitt lag av norsk bransje, spesielt inviterte internasjonale musikkbransjeaktørar, samt eit stort publikum. Folkelarm har også seminar og eigne arrangement tilrettelagt for bransjeaktørar og utøvarar.

- 22 ordinære showcase-konsertar (15 norske, 4 finske og 3 svenske)
- 1 showcase-konsert for internasjonale delegatar i Emmanuel Vigeland Mausoleum
- 1 showcase-konsert på Finsk-Norsk kulturinstitutt
- 3 solokonsertar (norske artistar)
- 1 samarbeidskonsertar med Rikskonsertane
- Utdeling av Folkelarmprisen 2011
- Pre-Folkelarm - seminar retta mot norske Folkelarmartistar
- Seminarprogram i samarbeid med Førdefestivalen og Riksscenen (8 seminar)
- Dansespel fredag og laurdag kveld
- Stands og tilrettelagt mingleområde for delegatar
- 104 norske og 23 internasjonale delegatar.

> *Liste over Folkelarmartistar, seminarprogram og samarbeidspartnarar er lagt ved denne årsmeldinga*

## Folkelarmprisen

For sjuande gong vart Folkelarmprisen (Norwegian Folk Music Award) delt ut. Prisen vart delt ut i kategoriane

dokumentasjon, solo, tradisjonelt samspel og open klasse i tillegg til prisen for årets folkemusikar.

> *Liste over vinnarar er lagt ved denne årsmeldinga*

## Om Folkelarm 2011

Den tekniske gjennomføringa av showcaseprogram, seminar, Folkelarmprisen, delegatprogram og arrangementet generelt var vellukka, og utan store problem. Tilbakemeldingane på kvaliteten på showcaseartistane og seminar har også i stor grad vore positive.

Det vart jobba målretta for å utvide kretsen av internasjonale delegatar, då eit ankepunkt mot Folkelarm tidlegare har vore at det er for mange gjengangarar blant dei internasjonale delegatane. Det vart og prøvd å trekkje til seg nye (for Folkelarm) segment i musikkbransjen, samt delar av folkemusikkmiljøet som tidlegare ikkje har teke del i arrangementet.

Folkelarm 2011 var godt besøkt og publikum skapte ein positiv og livleg atmosfære rundt konsertane.

Folkelarm fekk god pressedeckning i aviser, radio og TV både lokalt og nasjonalt. Pressedeckninga rundt Folkelarmprisen var spesielt stor.



Duoen Hemsning & Hansegård, Folkelarm  
| Foto: Ingvild Skeie Ljones



Gamlebanken, Landsfestivalen | Foto: Knut Aastad Bråten



Ottar Kåsa, Kongepokalvinnar  
| Foto: Knut Utler



Opningskonserten Landskapleiken | Foto: Eivind Kaasin

# UTØVARUTVIKLING

FolkOrg skal stimulere til aktivitet og arbeide for at utøvarane har gode rammevilkår.

## Langsiktige mål (4 år)

- Utøvarar innan folkemusikk og –dans er kjend med og oppdatert på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker
- Utøvarar folkemusikk og –dans er kjend med relevante aktørar og samarbeidspartnarar både nasjonalt og internasjonalt
- Organisasjonen har eit breitt kontaktnettverk av relevant bransjeaktørar nasjonalt og internasjonalt, som kjem utøvarane til gode
- Lanseringsprogrammet Intro-folk er attraktivt for unge utøvarar og talet på påmeldte artistar er auka med 100 %

## Tiltak (årleg revidering)

- Rådgjeving og kursing av utøvarar
- Starte arbeidet med å utarbeide ei database over arrangørar og andre relevante aktørar i Noreg og Europa
- Delta på internasjonale bransjetreff og vere til stades på relevante nasjonale arrangement
- Arbeide for å etablere eit lanseringsprogram for utvalde eksportklare artistar i samarbeid med Riksscenen og Førdefestivalen
- Utarbeide oppfølgingsprogram for Folkelarmartistane

Arbeidet med utøvarutvikling er ei vidareføring av arbeidet som har vorte gjort for yrkesutøvarane, der det vert lagt vekt på kompetanseauking og tiltak som stimulerer konsertmarknaden. Dette arbeidet kom ikkje skikkeleg i gang før på hausten i meldingsåret, og ansvarleg for arbeidet har vore Trond Stenseth Moe.

### Gruppa av yrkesutøvarar

I løpet av 2011 har FolkOrg etablert eit register der yrkesutøvarane kan registrere seg. Føremålet med dette er å få ein oversikt over kven som definerer seg som yrkesutøvar i samsvar med vedtektene til FolkOrg. Ut frå registeret skal valnemnda i FolkOrg finne kandidatar til eit fagutval for yrkesutøvarar og kandidatar til yrkesutøvarar i styret i FolkOrg. Desse blir valde av årsmøtet i FolkOrg. Utvalet skal vere eit meinande organ i saker som vedkjem FolkOrg. I fagutvalet for yrkesutøvarar sit Vegar Vårdal, Åshild Vetrhus og Britt Pernille Frøholm.

### Samle-cd i verdsusikkmagasinet Songlines

I samarbeid med verdsusikkmagasinet Songlines, vart det i 2011 sett saman ein CD med Folkelarmartistar. Rundt årsskifte 2011/2012 vart CD-en distribuert med Songlines i heile 20 000 eksemplar til bladet sine abonnentar verda over. CD-en inneheld lydspor frå 20 artistar, og representerer plateprisvinnarar og showcaseartistar frå Folkelarm dei siste åra.

### Intro-Folk

Intro-Folk er eit talentlanseringsprosjekt i samarbeid med Rikskonsertane. Prosjektet inneheld ein konkurransedel og ein lanseringsturné med vinnaren av konkurransen. Konkurransen vart lyst ut tidleg på hausten i meldingsåret, og det kom inn 15 søknadar. Til slutt vart det vald ut seks

semifinalistar, som skal konkurrere på norske festivalar sumaren 2012.

### Norwegian Tapas

FolkOrg har sidan 2009 samarbeida med den belgiske konsertprodusenten Tournee Mondial om turnékonseptet Norwegian Tapas. Samarbeidet spring ut frå bransjetreffet Folkelarm, og denne turneen vart arrangert for andre gong i februar 2011 der norske musikarar vitja fem belgiske konsertarenaer. Seven Winds, Kouame Sereba og Torgeir Vassvik var artistane som var på turné denne gongen.

### Øyvind Berghs Minnepris

I samarbeid med Peer Gynt AS delar FolkOrg årleg ut Øyvind Berghs Minnepris til unge lovande fiolinistar, helst med bakgrunn i folkemusikken. I år gjekk prisen til Bjørn Kåre Odde.

### Anna arbeid

I samband med Folkelarm arrangerte FolkOrg i samarbeid med Gramart og MØST eit heildagsseminar. Seminaret gjekk føre seg ein månad før Folkelarm, og gav artistane konkrete tips og triks i møte med musikkbransjen, slik at dei skulle vera godt førebudd til Folkelarm.

FolkOrg promoterte Folkelarmartistar på Førdefestivalen med ein eigen konsert for internasjonal presse, og fylgde opp årets Folkelarm på bransjetreffet Womex i oktober. FolkOrg var også tilstades på bransjetreffet Showcase Scotland i januar 2011, for å fylgje opp satsinga i 2010 der det vart sett fokus på folkemusikk frå Noreg gjennom prosjektet Spotlight Norway.

Arbeidet med å kartlegge arrangørar i inn- og utland vart starta i 2011, og vil halde fram inn i 2012.

# LAGSUTVIKLING

*FolkOrg skal stimulere til aktivitet i laga og arbeide for at lag og tradisjonsoverføring har gode rammevilkår.*

## Langsiktige mål (4 år)

- Alle lokal- og områdelag er kjend med og oppdatert på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker
- Talet på søkarar frå folkemusikkfeltet til aktuelle tilskotsordningar er auka og løyvingar til folkemusikkfeltet frå tilskotsordningane er auka med 25 %
- Lokal- og områdelaga i organisasjonen har eigne heimesider
- Det gode arbeidet til laga i organisasjonen er gjort synleg
- Talet på kulturskular og lokallag som samarbeider om opplæring i folkemusikk og –dans er auka
- Kommunikasjonsflyten mellom FolkOrg, områdelag og lokallag er god
- Lokallaga har gode møteplassar for tradisjonsoverføring

## Tiltak (årleg revidering)

- Rådgjeving og kursing av laga
- Starte arbeidet med å utarbeide ei søkarhandbok for laga
- Starte arbeidet med å utarbeide ei rettleiing for samarbeidsmodellar mellom kulturskule og lokale lag
- Gje tilbod om, og opprette heimesider for laga
- Utarbeide rutinar som sikrar jamn kontakt og dialog med lokal- og områdelaga
- Dele ut prisen "Årets lokallag"

## **Kommunikasjon med laga**

Det har i løpet av meldingsåret også vorte sendt ut informasjon til lokallag på e-post i samband med aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar.

## **Heimesider**

I løpet av året har det vorte arbeidd med å opprette nettsider for lokallag, samt sider for organisasjonens eigne arrangement. Nettsidene for Landskappleiken, Landsfestivalen og Folkelarm er no faste, og vert slik ei samleside for all aktivitet knytt til desse arrangementa.

I løpet av meldingsåret har det vorte oppretta ei samleside for Valdres Folkemusikklag inkludert Jørn Hilme-stemnet, Valdres scene, og Strunkeveko. Det har også vorte oppretta eigne sider for Voss Spelemannslag, Naustedalen Spelemannslag, Landskappleiken, Landsfestivalen og Norsk kvedarforum. Fleire sider er også på veg.

## **Samarbeid med kulturskular**

FolkOrg har byrja dialogen med lokallag, Norsk kulturskuleråd og Noregs Ungdomslag om å få meir folkemusikk og folkedans inn i kulturskulane. Tema har mellom anna vore ei rettleiing for samarbeidsmodellar mellom kulturskular og lokale lag. Arbeidet held fram i 2012.

## **Søkarhandbok for laga**

Ein har ikkje kome i gong med arbeidet med søkarhandboka.

## **Årets lokallag**

Prisen for årets lokallag blir delt ut fyrste gong i 2012.

# ARRANGØRUTVIKLING

*FolkOrg skal stimulere til arrangering av konsertar og dans med folkemusikk og arbeide for at arrangørane har gode rammevilkår.*

## Langsiktige mål (4 år)

- *Arrangørar er kjend med og oppdatert på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker*
- *Talet på folkemusikkonsertar og dansearrangement er auka landet rundt*
- *Talet på søkarar frå folkemusikkfeltet på arrangørstøtteordninga har auka, og løyvingane til folkemusikkarrangørar er auka med 100 %*
- *Folkemusikk og -dans blir presentert på fleire, nye og eksisterande arenaer*

## Tiltak (årleg revidering)

- *Kartlegge arrangørane innan folkemusikk og -dans, og bidra til å etablere nettverk av lokale scener*
- *Rådgjeving og kursing av arrangørar*
- *Dele ut prisen "Årets folkemusikkarrangør"*

FolkOrg søkte i 2010 om tilskot til ei kartlegging av folkemusikkscenene, og fekk eit tilskot på 150 000,- frå Norsk kulturråd til prosjektet. Arbeidet kom i gang tidleg på hausten i meldingsåret, og ansvarleg for oppfølginga var Eivind Kaasin.

Kartlegging av konsertarrangørar på folkemusikkfeltet er godt i gang. Arrangørane frå det tidlegare nettverket Den norske folkemusikkscena, er nøsta opp, og det er utarbeidd lister over kven som arrangerer konsertar med folkemusikk. Dette er eit godt grunnlag for det vidare arbeidet, og kartlegginga er tenkt å vere ferdig våren 2012. Seinhaustes i meldingsåret vart det gjennomført ei spørjeundersøking hjå folkemusikkarrangørane. Då fristen var over 1. desember, var det kome inn 26 svar. Desse svara er nyttige i det vidare arbeidet for arrangørane. Oppfølging av ønskjer og signal frå dei ulike scenene vil bli brukt aktivt i arbeidet for arrangørane det komande året.

I samband med søknadsfristen til arrangørstøtta hjå Norsk kulturråd 1. desember, gjekk ein ut med tilbod til alle arrangørane om rådgjeving / rettleiing i søknadsskriving. Fleire av arrangørane som skulle søke tilskot fekk hjelp til søknaden frå FolkOrg. Fleire av søkarane hadde aldri tidlegare søkt tilskot. Det vart og utarbeidd ferdige malar for budsjettsøkander som har vorte gjort tilgjengeleg for arrangørane. I samband med Folkelarm vart det utarbeida

eit kurs for nye arrangørar. Kurset fekk tittelen "Krasjkurs i konsertarrangering" og var ei innføring i konsertarrangering. Tilbodet om kurset gjekk til alle lokallag i FolkOrg.

Det har vorte arbeidd med å finne ei formell organisering for arrangørane i FolkOrg, planlegging av storkurs i Bergen 2012 og ei ny arrangørhandbok for kappleiksarrangørar.

# KOMPETANSEBYGGING OG LÆRING

*FolkOrg skal fremje rekruttering og opplæring innan folkemusikk og –dans, og styrke det faglege arbeidet med folkemusikk- og folkedanstradisjonane.*

## Langsiktige mål (4 år)

- Medlemmer og andre interesserte er informert om og har kjennskap til utdannings- og kurstilboda på feltet
- Auka deltaking på nasjonale og internasjonale kurs og arrangement
- Feltet har eit breitt utval av kompetente kappleiksdommarar innan både folkemusikk og –dans
- Musikklærarar er kjend med folkemusikk og –dans, og har tilgang til tilpassa undervisningsopplegg

## Tiltak (årleg revidering)

- Marknadsføre og informere om sommarkurs, samt andre aktuelle kurs, seminar og utdanningstilbod
- Arrangere ei felles kurshelg for lokallag, instruktørar, pedagogar, dommarar, utøvarar og arrangørar.
- Arbeide for at lærarar i grunnskule og kulturskule har tilgang til gode undervisningsressursar i folkemusikk og folkedans.
- Utarbeide tiltak for kompetanseheving av pedagogar innan folkedans.
- Fordele FriFond-midlar

## **Marknadsføring og informasjon av kurs m.m.**

Gjennom nettstaden Folkemusikk.no og nyhendebrev til lokallaga i organisasjonen har FolkOrg i meldingsåret informert om sommarkurs, andre aktuelle kurs, seminar og utdanningstilbod.

## **Frifond**

FolkOrg fekk i 2011 kr 299 000 i Frifondmidlar. Dette var noko lågare enn tidlegare år grunna endringar i kriteria for tildelingane. Dette gjorde også at fleire lag som tidlegare hadde teke i mot støtte, no fall utanfor ordninga.

FolkOrg fekk inn til saman søknadar frå 27 lag, av desse vart 20 godkjende og som då fekk midlar frå Frifond organisasjon.

> Liste over mottakarar av tilskot frå Frifond ligg ved denne årsmeldinga

## **Arbeid mot kulturskular**

I september arrangerte FolkOrg eit møte for kulturskular, lag som har eller ønskjer samarbeid med kulturskular og SFO, og Norsk kulturskuleråd, for å utveksle erfaringar med bruk av folkemusikk og folkedans i kulturskular og SFO, og samarbeid mellom lokallag og kulturskular og SFO. Vi vil arrangere tilsvarande møter årleg. Vi etablerte god kontakt med Norsk kulturskuleråd, og ser fram til vidare samarbeid.

## **Norsk folkemusikkfond**

FolkOrg administrerer Norsk folkemusikkfond, som er organisert med eit eige styre. Fondet delar ut midlar som er finansiert av kr 15 pr. medlem i FolkOrg og kr 10 000 frå NRK. I meldingsåret hadde fondet kr 73 000 til fordeling, og det kom inn til saman 43 søknadar med ein samla søknadssum på til saman kr 700 000. Styret valde å prioritere tiltak retta mot born og unge, og 10 søkarar fekk tilskot frå fondet.

> Sjå liste overtildelingar i vedlegget til årsmeldinga



# ORGANISASJONS- UTVIKLING

*FolkOrg skal ha attraktive medlemstilbod og vere ein fagleg sterk og kunnskapsrik organisasjonen.*

## Langsiktige mål (4 år)

- Talet på medlemmar er auka med 25 %
- Medlemssystemet (styreweb) er teke i bruk av alle lokallag, og er ein naturleg arbeidsreiskap i kommunikasjonen med laga sine medlemmer
- Styra sentralt, regionalt og lokalt er kompetente på styre- og organisasjonsarbeid
- Kunnskapen og rutinar som ligg i administrasjonen er dokumentert, slik at nye medarbeidarar enkelt kan ta over ansvaret
- Organisasjonen har ein hovudsponsor

## Tiltak (årleg revidering)

- Utarbeide ein vervekampanje av nye medlemmer
- Formidle og vidareutvikle medlemstilboda
- Etablere og drifte eit effektivt medlemssystem (styreweb), med oppdatert kontaktinformasjon på medlemmer og lokallag
- Legge til rette for opplæring i bruk av medlemssystemet (styreweb)
- Opplæring og kursing av tillitsvalde lokalt og sentralt
- Starte arbeidet med å etablere rutinehandbok og årshjul for administrasjonen

## **Medlemssystem**

FolkOrg fekk i 2011 eit nytt medlemssystem, Styreweb. Systemet er relativt nytt for sentralorganisasjonar, og FolkOrg er difor til dels med på utviklinga av systemet. Det har i meldingsåret vorte arbeida med konvertering og kvalitetssikring av data frå det gamle medlemssystemet, og tilpassing av funksjonalitet i høve FolkOrg sin medlemsstruktur. Arbeidet med konvertering og implementering har teke meir tid enn ein hadde rekna med, og ein har difor vorte forsinka i høve fakturering og purring av abonnement og medlemsavgift. Dette har diverre ført til ein nedgang i medlemspengar og bladpengar. FolkOrg er opptekne av at lokal- og områdelag skal få ei god oppleving av å knytte seg til medlemssystemet, og har difor venta med å gje laga tilgang til systemet er heilt på plass.

## **Medlemsutvikling**

Fokuset dette året har vore å få på plass medlemssystemet. Arbeidet med vervekampanje og medlemsfordelar har difor ikkje vorte prioritert før det er på plass.

## **Forsikringar**

FolkOrg administrerar ei god forsikringsordning for medlemmene. Dette gjeld særleg instrument- og bunadsforsikring. Totalt 1 059 har forsikring gjennom organisasjonen. I 2011 fekk FolkOrg kr 87 520 i provisjon for å administrere ordninga for IF.

## **Rutinar**

Arbeidet med å utarbeide rutinehandbok og årshjul for organisasjonen har starta opp, og det har i meldingsåret vorte arbeidd med ein ny arkivnøkkel for fysisk lagring av dokument..

# LISTE OVER DIVERSE VINNARAR, TILDELINGAR m.m.

## LANDSKAPPLEIKEN

### Vinnarar

#### Hardingfele

- A: Ottar Kåsa / Falkeriset folkemusikklag. Kongepokal  
B: Alexander A. Røyenstrand / Hardanger spelemannslag  
C: Solveig B. Hauknes / Bærum spelemannslag  
D: Loretta Kelley / Hardanger Fiddle Association of America

#### Fele

- A: Astrid Sulheim / Lom spel- og dansarlag  
B: Nina Fjeldet / Gausdal spelemannslag  
C: Rasmus Kjørstad / Harpefoss spel- og dansarlag

#### Dans hardingfele

- A: Stian Roland og Tone Voldhaug / Øystre Slidre spel- og dansarlag  
B: Sivert Holmen og Tora S. Vik / Vårflaumen spel- og dansarlag  
C: Lars F. Smaaberg og Karianne J. Holestøl / Gol spel- og dansarlag, Geilo spelemannslag  
D: Aud Manheim og Alf Tveit / Seljord spelemannslag, Spelemannslaget Sullarguten

#### Dans fele

- A: Svein Granøien og Heidi Tovmo / Røros folkedanslag  
B: Elin Eidsand og Pål A. Sveen / Tingelstadringsen  
C: Solveig B. Hauknes og Ole Nilssen / Bærum spelemannslag, Elverum danselag  
D: Gunhild Døhl m/følge / Røros folkedanslag

#### Vokal

- A: Unni Boksasp / Nordmøre spelemannslag  
B: Ellen T. Thuland / Indre Sunnfjord spelemannslag  
C: Lars F. Smaaberg / Gol spel- og dansarlag  
D: Olav Sem / Fjellrosa spel- og dansarlag

#### Laus

- A: Hallgrim Hansegård / Øystre Slidre spel- og dansarlag  
B: Bjørnar B. Heimdal / Numedal spel- og dansarlag  
C: Jens H. Jakobsen / Småjondølenes dansarlag  
D: Rolf Bjørgan / Østerdølenes folkedanslag i Oslo

#### Fløyte

- Senior: Elise Hildrum / FolkOrg

#### Munnharpe

- Senior: Anders E. Røine / Øystre Slidre spel- og dansarlag

#### Langeleik

- Junior: Kristin Lie / Øystre Slidre spel- og dansarlag  
Senior: Lise L. Brennhagen / Vårflaumen spel- og dansarlag

#### Durspel

- Junior: Ole Nilssen / Hedmark Folkemusikklag  
Senior: Tom Willy Rustad / Harpefoss spel- og dansarlag

#### Andre eldre folkemusikkinstrument

- Senior: Bjørn Sverre Kristensen / Hedmark Folkemusikklag

#### Open klasse - Vrang

#### Gruppespel

- Junior: Myklemyrjentene  
Senior: Andreas Bjørkås og Leif Inge Schjølberg

#### Lagspel

- Junior: Bærum spelemannslag (fele)  
Senior: Gudbrandsdølenes spelemannslag

#### Lagdans

- Junior: Hallingdal (springar)  
Senior: Vårflaumen spel- og dansarlag

#### Furestiftelsen

- Fureprisen - Bjørn Kåre Odde (fele)

#### Furestipend

- Solveig Brekke Hauknes (spel hardingfele C)  
Lars Fivelstad Smaaberg (vokal C)  
Rasmus Kjørstad (fele C)  
Ole Nilssen (durspel junior)

#### FolkOrg-stipend

- Lars F. Smaaberg og Karianne J. Holestøl (dans hardingfele C)  
Jens H. Jakobsen (laus C)  
Solveig B. Hauknes og Ole Nilssen (dans fele C)

#### Dommarar på Landskappleiken

- Spel fele: Tove Dalbakk, Tron Steffen Westberg og Marianne Tomasgård

- Spel hardingfele: Alf Tveit, Åse Teigland og Tore Bolstad

- Gruppespel: Tron Steffen Westberg, Jørn Simenstad og Åse Teigland

- Open klasse: Anette Thorsheim, Tellef Kvifte og Sigrid Randers Pehrson

- Song: Oline Løvlid, Ingrid Gjertsen og Sigrid Randers Pehrson

- Eldre folkemusikkinstrument: Jørn Simenstad, Tellef Kvifte og Ingvild Lie

- Dans fele: Knut Odnos, Live Karin Liaskar og Margot Sollie

- Dans hardingfele: Siri Mæland, Sverre Heimdal og Torhild Kvalvågnes

- Durspel: Leif Ingvar Ranøien, Anette Thorsheim og Håvard Kjontvedt

## LANDSFESTIVALEN

### Vinnarar

#### Andre instrument

- Junior: Ole Nilssen / Hedmark Folkemusikklag  
Senior: Mads Erik Odde / Lom spel- og dansarlag

#### Durspel

- Junior: Ole Nilssen / Hedmark Folkemusikklag  
Senior: Øyvind Sandum / Oppdal spel- og dansarlag

#### Lagspel - Gamlebanken spelemannslag

#### Open klasse - Syvers orkester

#### Fele / Hardingfele

- Junior: Rasmus Kjørstad / Harpefoss spel- og dansarlag  
Senior: Einar Olav Larsen / Verdal spelemannslag

#### Dans

- Junior: Solveig Brekke Hauknes og Ole Nilssen / Bærum spelemannslag, Hedmark Folkemusikklag  
Senior: Egil og May-Lise Engebretsen / Bygdedanslaget i Hamar

#### Gruppespel - Avbrekk

#### Vinnarar av Furestipend på kr 7.000

- Ole Nilssen (Solo durspel junior)  
Rasmus Kjørstad (Solo fele/hardingfele junior)

### Dommarar på Landsfestivalen

Solo durspell: Hilde Fjerdingøy, Rannveig Djønne og Pål Bratås

Solo fele/hardingfele: Torill Aasegg, Britt Pernille Frøholm og Amund Bjørgen

Solo andre instrument: Hilde Fjerdingøy, Pål Bratås og Torill Aasegg

Lagspell: Britt Pernille Frøholm, Rannveig Djønne og Amund Bjørgen

Pardans: Jan A. Larssen, Kari Nilssen og Arne Sølberg

Grappespell: Terje Stensgård, Mikal Lundemo og Jens Brekke

Open klasse: Terje Stensgård, Mikal Lundemo og Jens Brekke

## **NORDII**

### Frå Noreg deltok:

Mads Erik Odde – solo (trekkspill)

Øyvind Sandum – solo (durspell)

Andres Bjerkås & Leif Inge Schjøberg - gruppe - delte andre plass i klassa.

Avbrekk – gruppe

Gamlebanken – lagspill – vant klassa

Gudbrandsdølenes – lagspill – delte andre plass i klassa.

## **INTROFOLK**

### Semifinalistar 2012

Andreas Bjerkås (solo), Jo Einar Tobias Sterten Jansen (solo), Bjørn Kåre og Mads Erik Odde (duo), Erlend Viken (solo), Mari Skeie Ljones (solo), Vrang (trio).

Juryen har vore Matias Hilmar Iversen (juryleiar), Anne Hytta og Åsmund Nordstoga.

## **FOLKELARM 2011**

### Folkelarmartistar 2011

Aasmund Nordstoga, Antti Paalanen, Arto Järvelä, Camilla Granlien, Ellika / Solo / Rafael, Faela, Harv, Helsing / Hansegård, Jan Beitohaugen Granli, Jorun Marie Kvernberg, Navarra, Nils Økland, Nordik Tree, Ragnhild Furebotten, Sudan Dudan, Ugagn, Viken/ Brimi, Vrang

- 172 søknadar; 9 (DK) 28 (FI), 4 (FÆ), 15 (I), 30 (S), 86 (N)
- 18 artistar vart vald ut

I juryen sat: Tellef Kvifte, Sam Lee, Alexandra Archetti Stølen, John Vinge, Asgaut Bakken.

### Vinnarar Folkelarmprisen 2011

Årets Folkemusikar: Gabriel Fliflet

#### Dokumentasjon:

Diverse artistar - Opptak frå fjernsynsarkivet (ta:lik)

#### Solo

Bjørset/Teigland/Hytta (Dei beste damene) – Soli (ta:lik)

#### Tradisjonelt samspel

P.A. Røstads Orkester – Fjellfiolen (eige selskap)

#### Open klasse

Karl Seglem - Ossicles (NORCD)

- 48 plater var påmeldt.
- Årets folkemusiker vert kåra på fritt grunnlag – uavhengig av utgjevingar

I juryen sat: Berit Opheim Versto, Sølvi Lien, Nicholas Møllerhaug, Mats Johansson, Marit Hætta Øverlie

### Program seminarer Folkelarm 2011

Torsdag 29. september

- Utfordringer og gleder i formidling av folkemusikk til barn og unge (workshop)
- Introduction to Norwegian Folk Music

Fredag 30. september

- Introduksjon til folkemusikkscenen i Norge – hvem er hvem?
- Arrangørseminarer ("Festivalen som knutepunkt" og "Sponsorarbeid på lokalt plan"
- Sosiale medier – hva fungerer i dag og hva fungerer ikke?

### Samarbeidspartnarar og støttespelarar Folkelarm 2011

Anker Hotell, Export Music Sweden, FFUK, FIMIC, Finsk-Norsk Kulturinstitutt, Foreningen Arven Etter Ragnarock, Førdefestivalen, Gramart, GRAMO, Iceland Music Export, MFO, MIC Norsk musikkinformasjon, Motorfinger, Music Export Norway, MØST, Norsk Kulturråd, Oslo World Music Festival, Popsenteret, RFOD, Rootzone, Rikskonsertene, Riksscenen, Utenriksdepartementet, Øvingshotellet, Womex og fleire einskildpersonar.

## **NORSK FOLKEMUSIKKFOND**

### Tildelingar 2011

Styret i Norsk folkemusikkfond er

Leiv Solberg (NRK), Trond-Ole Haug, Solbjørg Tveiten, Nina Rudi og Ragnhild Knudsen.

### Mottakarar

Midlar frå Norsk folkemusikkfond

Bergen ungdomslag Ervingen - kr 5 000

Bolteløkkajentekor - kr 5 000

Kalottspel - kr 7 000

Sogn og fjordane folkemusikklag - kr 11 000

Nordhordland spel- og dansarlag - kr 5 000

Osterøy Spel og Dansarlag - kr 6 000

Sinnsykt Bra Alternativ - kr 10 000

Strunkeveko, Valdres folkemusikkarrangement - kr 7 000

Tove Ingrid Maurstad Tuko - kr 6 000

UngFolk 2011 - kr 11 000

Totalt - kr 73 000

## **FRIFOND**

### Fordelinga i 2011 vart slik:

Øystre Slidre Spel- og dansarlag - kr 25 722

Nordhordland spel- og dansarlag - kr 4 821

Spelmannslaget i Bergen ungdomslag Ervingen - kr 17 269

Haugesund spelemannslag - kr 11 851

Verdal juniorspelemannslag - kr 13 948

Ringerike folkemusikklag - kr 6 724

Spelemannslaget Dâm og Drag - kr 5 836

Gransherad spel- og dansarlag - kr 13 866

Ålesund spelemannslag - kr 7 254

Bærum spelemannslag - kr 21 284

Osterøy spel- og dansarlag - kr 15 157

Bø juniorspelemannslag - kr 11 045

Småjondølenes dansarlag - kr 28 583

Spelemannslaget Fjelljom - kr 16 687

Hardanger spelemannslag - kr 25 553

Vårflaumen spel- og dansarlag - kr 14 105

Ål spel og dansarlag - kr 20 105

Hyen spelemannslag - kr 3 627

Gol spel og dansarlag - kr 12 948

Hornindal spelemannslag - kr 22 493

Totalt - kr 298 888

”Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfold, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og framstå som ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”

[www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no)

FOLKORG  
- organisasjon for folkemusikk og folkedans

Postadresse:  
FolkOrg  
Postboks 4613 Sofienberg  
0506 Oslo

Besøksadresse:  
Vis à vis Herslebs gate 2c.

Nett: [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no)  
E-post: [post@folkemusikk.no](mailto:post@folkemusikk.no)  
TLF: 22 00 56 22

